



Nauddåp

1 Denne fyldigare ordninga vert nyttta dersom tida tillèt det. Elles nyttar ein «Kort ordning for nauddåp».

2 Føresetnad for nauddåp av born er samtykke frå minst ein av foreldra.

Foreldra bør om mogeleg vera til stades. Dersom det er mogeleg, skal det vera minst to vitne til stades forutan den som døyper. Foreldra kan vera vitne.

3 Vitna er ikkje fadrar. Dei skal kunna stadfesta at dåpen er utført. Ut over dette har dei ingen skyldnad. Foreldra kan seinare avgjera kven som skal vera fadrar til barnet.

4 For at det skal vera ein gyldig dåp, må i det minste orda «Eg døyper deg til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande» lyda.

5 Det er ikkje naudsynlig å nemne noko namn på barnet, dersom dette ikkje er fastsett.

A | Ved dåp av born

Når tilhøva gjer det naturleg, kan ein innleia handlinga med salmesong.

Den som utfører dåpen, seier:

I namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande.
Herre Jesus Kristus, vi kjem med dette barnet til deg etter ditt eiga ord, og bed
deg at du vil ta imot *han*, så *han* kan verta Guds barn og vera i di varetekt. Amen.

(Namnet vert nemnt, dersom det er fastsett) . Eg signar deg med det heilage krossmerket,
✠ til vitnemål om at du skal høyra den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus til
og tru på han.

Krossen vert teikna frå panne til bryst og deretter frå side til side.

Etter vår Herre Jesu Kristi ord og føresegn døyper eg deg til namnet åt Faderen og
Sonen og Den Heilage Ande.

Medan dette vert sagt, auser ein med handa vatn over hovudet til barnet tre gonger.

Ligg barnet i kuvøse, stryk ein i staden vassdropar med fingertuppane tre gonger på hovudet til
barnet.

Med handa på hovudet til barnet:

Den allmektige Gud har no gjeve deg sin Heilage Ande, gjort deg til sitt barn og
teke deg inn i sin truande kyrkjelyd. Han styrkje deg med sin nåde til det evige liv.

Fred vere med deg.

Deretter bed den som utfører dåpen, Herrens bøn, gjerne saman med dei som er til stades:

Fader vår, du som er i himmelen!
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda så som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød.
Forlat oss vår skuld,
som vi òg forlèt våre skuldmenn.
Før oss ikkje ut i freistung, men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt,
og makta og æra i all æve.
Amen.

Når tilhøva gjer det naturleg, sluttar handlinga med salmesong.

B | Ved dåp av vaksne

Når tilhøva gjer det naturleg, kan ein innleia handlinga med salmesong.

Den som utfører dåpen, seier:

I namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande.

Herre Jesus Kristus, vi kjem med (**namnet vert nemnt**) til deg etter ditt eige ord, og bed deg at du vil ta imot *han*, så *han* kan verta Guds barn og vera i di varetekts. Amen.

Den som utfører dåpen, seier:

(**Namnet vert nemnt**), vil du døypast til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande?

Dåpskandidaten: Ja.

Den som utfører dåpen, seier:

Eg signar deg med det heilage krossmerket, ✝ til vitnemål om at du skal høyra den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus til og tru på han.

Krossen vert teikna frå panne til bryst og deretter fra side til side.

Etter vår Herre Jesu Kristi ord og føresegn døyper eg deg til namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande.

Medan dette vert sagt, auser ein med handa vatn over hovudet til dåpskandidaten tre gonger.

Med handa på hovudet til dåpskandidaten:

Den allmektige Gud har no gjeve deg sin Heilage Ande, gjort deg til sitt barn og teke deg inn i sin truande kyrkjelyd. Han styrkje deg med sin nåde til det evige liv.

Fred vere med deg.

Den som utfører dåpen, bed Herrens bøn saman med den døypte, og gjerne saman med dei andre som er til stades:

Fader vår, du som er i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda så som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød.

Forlat oss vår skuld,

som vi òg forlèt våre skuldmenn.

Før oss ikkje ut i freistung, men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt,

og makta og æra i all æve.

Amen.

Når tilhøva gjer det naturleg, sluttar handlinga med salmesong.

